

Litteraturformidling i Sogn og Fjordane

Eit tilbod for framtida



**Sogn og Fjordane fylkesbibliotek
2005**

Innhald

Innhald.....	1
Samandrag	2
Innleiing.....	3
Mandat.....	3
Arbeidsutvalet	3
Problemstilling	3
Kvifor skape leseglede?	4
Kva meiner vi med litteraturformidling?.....	4
Litteraturformidling ved fylkesbiblioteket.....	4
Mål og tiltak	4
Kurs, opplæring, besøk, classesett.....	5
Mobil bibliotekteneste.....	5
Bokbussen	5
Bokbåten.....	6
Andre aktørar innan litteraturformidling.....	7
Den kulturelle skulesekken/fylkeskommunen	7
Skulen og skulebiblioteka	7
Dei vidaregåande skulane.....	7
Gi rom for lesing/Fylkesmannen.....	7
Folkebiblioteket/kommunen.....	8
Kulturskulane	8
Folkeakademiet	8
Norsk forfattarsentrum.....	8
Analyse.....	9
Analyse av mobil bibliotekteneste.....	9
Bokbåten.....	9
Bokbussen	10
Framtida	11
Vegen framover.....	11
Utfordringar framover.....	12
Strategiar	13
1. Opprette eit fylkesforum for leselest.....	13
2. Utvikle mobil bibliotekteneste.....	13
a. Intensivere kulturtilbodet på bokbåten.....	14
b. Lesebuss for barn og unge	14
3. Stimulere til betre skulebibliotek.....	14
4. Litteraturleir for ungdom	14
5. Interaktive nettsider for barn og unge.....	14
6. Presentasjon av lokale forfattarar.....	14
Sluttord	15

Samandrag

Lesestimulering og litteraturformidling er viktig for alle og spesielt barn og unge fordi lesing og møte med litteraturen gjer at vi utviklar oss til sosiale og engasjerte menneske. Dersom litteraturformidlingsarbeidet i fylket skal utviklast, må flest mogleg barn, elevar og vaksne i heile fylket ha tilgang til eit kvalitetssikra kulturtilbod som inneber lesestimulering og tilgang til bøker.

I dag er det fleire sentrale instansar som tek hand om litteraturformidlinga. Ei av dei store satsingane innan skuleverket er prosjektet Gi rom for lesing, som blir administrert av Fylkesmannen ved utdanningsavdelinga. Fylkeskommunen yter ulike tenester til folk i alle aldrar gjennom fylkesbiblioteket, og gjennom litteraturrelaterte kulturopplevingar i regi av Den kulturelle skulesekken. Andre aktørar er Folkeakademiet og Norsk forfattersentrum. I tillegg er biblioteka og skulane i fylket naturlege arenaer for litteraturformidling.

Fylkesbiblioteket har som mål å auke leselyst og lesedugleik, spesielt hos barn og unge i fylket. Tiltaka er: kurs i litteraturformidling, møte om årets nye bøker, forfattarturnear, utlån av klassesett til skular og mobil bibliotekteneste. Fylkesbiblioteket har også som mål å medverke til å sikre at alle innbyggjarane i fylket har tilgang til gode bibliotektenester, og mobil bibliotekteneste er difor eit kjerneområde i verksemda. Tenesta er eit viktig verkty litteraturformidlinga og utgreiinga analyserar difor bokbussen og bokbåten. Analysen viser at begge tilboda har potensiale til å satse meir på lesestimulering. Både bussen og båten har ledig kapasitet, og vi kan dermed intensivere tilboda med fleire stoppestadar. Bokbussen er det mogeleg å gjere om til ein lesebuss for barn og ungdom.

Når det gjeld økonomien viser kostnadsanalysen at mobil bibliotekteneste er eit rimeleg tilbod når vi måler utgiftene opp mot utlån.

For å finne strategiar for litteraturformidlinga er det viktig å ha eit bevisst forhold til samfunnstilhøva og framtida. Vi må vite kven som er aktørar på same arena, slik at vi kan samarbeide om å finne ein best mogleg modell som ivaretek heilskapen. Planane om eit nytt storfylke er i gang, og kultursamarbeidet kan føre til stordriftsfordelar. Til dømes kan det setje kveik i planane om ein ny kulturbåt på vestlandet. Når det gjeld litteraturen og lesaren vil nye teknologiske media bli tatt i bruk. I den teknologiske utviklinga er spesielt barn og unge langt framme. Det moderne biblioteket vil måtte kommunisere meir med lånarane via nettet. Som ein motvekt mot dette vil biblioteka måtte satse meir på å verte sosiale møteplassar med kulturtilbod. Utfordringane for litteraturformidlinga i framtida vil difor vere samordning av lesestimuleringa og litteraturformidlinga i fylket, og å utvikle og endre desse i takt med samfunnsendingane.

Utvalet har samla seg om desse strategiane:

- Opprette eit fylkesforum for leselyst
- Utvikle mobil bibliotekteneste
- Stimulere til betre skulebibliotek
- Arrangere litteraturleir for ungdom
- Opprette interaktive sider for born
- Presentere lokale forfattarar på nettet

Innleiing

Mandat

I samband med Fylkestinget si handsaming av budsjett 2005/økonomiplan 2005-2008 gjorde fylkestinget slikt vedtak:

Fylkestinget har som mål å oppretthalde tenestetilbodet som bokbåten i dag dekker. Hovudutval for kultur blir oppmoda om å kome tilbake til dette i eiga sak slik at dette kan innarbeidast i budsjett for 2006.

Hovudutval for kultur bad fylkesdirektøren om å leggje fram ei eiga sak våren 2005 der bokbåtenestene vert vurdert opp mot den samla satsinga på kulturformidlinga i regi av Den kulturelle skulesekken.

Etter fylkesdirektørens vurdering var FT-vedtaket eit godt høve til å ta eit grep om dei tenestene bokbåten tilbyr, og sjå dei meir systematisk inn i ein større samanheng der ulike typar stimuleringstiltak, litteraturformidlingstiltak, m.m. vert sett i samanheng, og der desse tiltaka også vert sett i samanheng med utviklinga av innhaldet i Den kulturelle skulesekken i fylket. Fylkesdirektøren bad fylkesbiblioteket ta hovudansvar for eit utgreiingsarbeid i tråd med det som er sagt i HK-sak. Team for kultur skulle delta i arbeidet.

Arbeidsutvalet

Fylkesbiblioteksjefen sette ned eit utval februar 2005 for utgreiing av litteraturformidlingsarbeidet i Sogn og fjordane i eit breidt perspektiv.

Gruppa har hatt følgjande medlemmer:

Margrethe Henden Aaraas, Den kulturelle skulesekken
Anne Sagen, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek
Ingrid Dræge, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek
Solveig Bjordal, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek

Gunnvor Schei, fylkesbiblioteket (første møte)
Birgit Nes, Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, Gi rom for lesing (siste møte)
Helge Pedersen, Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, Gi rom for lesing (siste møte)

Utvalet har hatt 5 møte

Problemstilling

Føringane frå Hovudutvalet for kultur er å sjå nærare på bokbåtenestene vurdert opp mot den samla satsinga på kulturformidlinga i regi av Den kulturelle skulesekken. I lys av dette må fylkesbiblioteket sitt operative kulturtilbod til innbyggjarane og spesielt litteraturformidling til barn og unge analyserast. Aktuell problemstilling vil difor vere:

Kva for utviklingsstrategiar for litteraturformidlinga i utkantstroka skal fylkeskommunen velje for framtida?

Kvifor skape leseglede?

Det er ei kjensgjerning at lesekompetanse og eit godt språk heng saman. Fordjuping i kvalitetslitteratur set i gang tankeprosessar og styrkar evna til munnleg og skriftleg kommunikasjon. Dei som meistrar dialogen får ein forankring i mellommenneskeleg samspel som vil auke deira eigenverd og sjølvbilete. Evna til å nytte orda; dialogen er grunnlaget for korleis det går med ein seinare i livet. Det er også ei kjensgjerning at litteratur gir eit stort rom for etiske refleksjonar. Med andre ord er lesestimulering og litteraturformidling svært viktig for alle, og barn og unge især. Det er der vi må starte, så tidleg som råd, for at dei skal utvikle seg til sosiale, reflekterte og engasjerte menneske.

Forskinga seier også at mengdelesing er viktig for å bli gode lesarar. Lesekonkurransar og leseprosjekt er difor viktige reiskapar. Det er sjølv sagt eit vilkår at elevane har tilgang til litteratur for at elevane skal verte gode lesarar. Lesing er basiskunnskap for forståing og læring i andre fag i skulen som t.d. matematikk og samfunnsfag.

I lys av dette blir det heilt sjølv sagt at det å bidra til leseglede og interesse for litteratur er eit samfunnsansvar. Fylkeskommunen si rolle i dette er å gi litteraturformidlinga eit konkret innhald og sjå dette som ein strategisk moglegheit for å kome framtida sin behov i møte. Vårt ansvar er også at tilbodet skal kome flest mogleg til gode.

Dersom litteraturformidlingsarbeidet i fylket skal utviklast, må flest mogleg barn, elevar og vaksne i utkantane ha tilgang til eit kvalitetssikra kulturtilbod som inneber tilgang til bøker og lesestimulering. I dag er det som tidlegare nemnt fleire sentrale instansar i fylket som på ulikt vis tek eit ansvar for dette.

Kva meiner vi med litteraturformidling?

Litteraturformidling er å rettleie lesarane og skape leselest. Litteraturformidling gjer ein når ein presenterer bøker for ein gruppe, t.d. ei klasse. Litteraturformidling er også når ein bibliotekar hjelper ein låner å finne seg ein høveleg bok. Bokutstillingar og andre typar bokpresentasjonar er andre eksempel på litteraturformidling.

Litteraturformidling ved fylkesbiblioteket

Mål og tiltak

Fylkesbiblioteket har som mål å auke leselest og leseugleik, spesielt hos barn og unge i fylket.

For å nå dette målet har fylkesbiblioteket desse tiltaka:

- Kurs/opplæring av bibliotekarar i formidling av litteratur (bokpratrar)
- Årlege kurs om nye bøker for bibliotekarar, lærarar og førskulelærarar
- Forfattarturnear til skular
- Distribusjon av klassesett til skular
- Mobile bibliotektenester; bokbuss og bokbåt

Kurs, opplæring, besøk, klassesett

Fylkesbiblioteket har i samarbeid med Hordaland fylkesbibliotek våren 2005 hatt eit opplegg for opplæring av bokpratatar/litteraturformidlarar. Kursa har vore i Bergen, og har vore på til saman 6 dagar. 10 personar frå fylket har delteke på dette.

Kvar haust har fylkesbiblioteket eit seminar for bibliotekarar og lærarar, der ein har presentert det siste årets nye barne- og ungdomsbøker. Dei siste åra har dette vore arrangert i Førde og Sogndal og til saman 120 personar deltok i 2004.

Frå våren 2005 har fylkesbiblioteket eit samarbeidsprosjekt med Folkeakademiet og Norsk forfattersentrum om forfattarturnear til skulane. Tre forfattarar besøker ein rekkje skular i fylket. Om lag 60 klassar har fått besøk av ein forfattar. Skuleåret 05/06 vert det 8 veker med forfattarturnear. Skulane betalar kr. 1800,- pr. time for eit forfattarbesøk.

For å gi elevane i fylket tilgang til litteratur har fylkesbiblioteket ei eiga samling på til saman 154 klassesett. Kwart klassesett tel om lag 30 bøker. Oversikt over bøkene er samla i eigen katalog som og er lagt ut på nettet, og skulane tingar setta frå fylkesbiblioteket. Fylkesbiblioteket rettleiar også lærarane i å finne gode klassesett eller andre måter å stimulere leselysta hos elevane.

Hausten 2003 hadde fylkesbiblioteket eit litteraturformidlingsprosjekt med Hafstad og Måløy vidaregåande skular. Ein klasse ved kvar skule fekk besøk av ein forfattar, kurs i formidling frå amatørteaterkonsulenten ved Sogn og Fjordane teater - blant anna teatersport. I etterkant fekk elevane prøve seg som formidlarar av bøkene til ungdomskuleelevar.

Mobil bibliotekteneste

Fylkesbiblioteket har som eit delmåla å **Medverke til å sikre at alle innbyggjarane i fylket har tilgang til gode bibliotektenester.**

Mobil bibliotekteneste er eit viktig kulturpolitisk tiltak for å nå ut til folk i fylke med eit kvalitetssikra litteraturtilbod. Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane er det einaste i landet som har både bokbuss og bokbåt. Dette kjem sjølvst av fylket sitt spesielle bustadmønster og vanskelege kommunikasjon. Mobil bibliotekteneste er såleis eit kjerneområde i verksemda og i overkant av 1/3 av budsjettet går til mobilteneista.

Bokbussen

Bussen har vore eit tilbod til kommunane gjennom 41 år. Fram til byrjinga på åttitalet var tilbodet gratis for kommunane.

Fylkeskommunen har eiga avtale med Firda Billag om den tekniske drifta. I 1995 vart det satsa på ein ny, moderne buss med blant anna databasert utlån. Bokbussen er no nedbetalt, og fylkeskommunen er i dag eigar. Bussen har hatt eit jamt utlån, spesielt er det stort utlån ved skular og barnehagar, og 2/3 deler av utlånet er til born og unge. I 2004 vart det lånt ut 13925 bøker og lydbøker.



Grunna dårleg økonomi, har mange kommunar valt å seie opp samarbeidsavtala om bokbussteneste. I dag er det 6 kommunar med i bokbussamarbeidet; Bremanger, Fjaler, Førde, Høyanger, Naustdal og Stryn. Stryn går ut til sommaren. Kvar kommune får besøk 8 gongar i året.

Økonomi

Fylkeskommunen har avtale med Firda Billag og betalar for utkøyrde timar og sjåførløn. Fylkesbiblioteket betalar for bøker. I tillegg til inntektene frå kommunane får vi to sett av kulturfondbøker til bokbussen - verdien er rekna til kr. 175 000,-. Kommunane betalar avtalt timepris kr 1280,- pr. time med stopp. I tillegg stiller kommunane med eige personale.

Bokbåten

Bokbåten er eit vestlandssamarbeid mellom Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland. Bokbåten er eit unikt kulturtilbod som i tillegg til å låne ut bøker har eit eige kulturprogram med profesjonelle kunstnarar. Programtilbodet kan vere teater, song, musikk og forfattarbesøk. Fylkesbiblioteket har med om lag 6000 bøker og 2 bibliotekarar om bord. Bokbåten har 38 stopp i fylket fordelt på 13 kommunar og har to turar i året; vår og haust. Kvar tur er på 19 dagar.



Besøktala på bokbåten er stadig stigande og i 2004 besøkte i alt 2474 personar bokbåten. Av dette var 1519 barn. 1375 barn og 567 vaksne var på kulturframsyninga. Bokbåten kjem såpass sjeldan at "alle" kjem om bord. Kulturprogrammet på haustturen 2004 var eit av tilboda i Den kulturelle skulesekken for skular langs reiseruta.

I 2004 vart det lånt ut 19 773 bøker, vel halvparten var til barn. Bokbåten har borna som ei viktig målgruppe, og hausten 2001 starta dei tre fylka opp med ein bokbåtclubb for barn i 1. – 7. klasse. Klubben har eige medlemsblad.

Økonomi

Bokbåtdrifta i dag har ein nettokostnad for fylkeskommunen på kr. 755 000,-. Dei tre fylkeskommunane har no kontrakt med Vinnes skyssbåtservice om leige av bokbåten fram til 31.08.05. Døgnprisen for bokbåtleiga er kr. 12 300,- (inkl. mva). Refusjonen frå kommunane er basert på tid pr. stopp.. Kommunane betalar ein timepris på kr. 1280,-. I tillegg sel fylkesbiblioteket kulturprogram til kommunane utanom det faste opplegget. Kulturprogramma får tilskot frå Folkeakademia, Norsk kulturråd eller Norsk forfattarsentrum, alt etter programtype. Hausten 2004 betalte Den kulturelle skulesekken brorparten av utgiftene. I 2005 er DKS ikkje lenger med på kostnadane. I nabofylka er det i dag eit samarbeid mellom DKS og fylkesbiblioteka: I Møre og Romsdal er det avtale med DKS som dekker kr. 50 000,- av utgiftene til kulturprogram, og det er ønskje om meir integrering av programmet i DKS frå 2006. I Hordaland dekker DKS 2/3 av det programmet kostar. I tillegg til inntektene frå kommunane er det å merke at bokbåten løyser ut to sett med kulturfondbøker frå Norsk kulturråd si innkjøpsordning

Andre aktørar innan litteraturformidling

Den kulturelle skulesekken/fylkeskommunen

Hovudmålet til Den kulturelle skulesekken er å gi støtte til grunnskulane i Sogn og Fjordane på ein slik måte at dei kan oppfylle læreplanverket sine intensjonar om kunstnarlege og kulturelle verdiar

Dette gjer ein ved å :

- Legge til rette for at barna møter kunstnarlege og kulturelle opplevingar, både lokale og nasjonale
- Legge til rette for at barna får høve til eigen kunstnarleg og kulturell utfolding, og stimulere til eigenaktivitet

Litteraturformidling er eit område som naturleg høyrer inn under denne målsettinga. I arbeidet med dette har DKS, fylkesbiblioteket og Norsk forfattersentrum samarbeida om forfattarturnear til skulane. Frå skuleåret 2004/05 har DKS bede kommunane sjølv ta hand om lesestimulering og litteraturformidling, og å nytte tildelte DKS-midlar til å finansiere t.d. forfattarbesøk. Det har vore eit sterkt ønskje frå kommunane at dette vert koordinert frå sentralt hald, og fylkesbiblioteket har difor sett opp tre forfattarturnear til skulane våren 2005, i samarbeid med Folkeakademiet og Vestnorsk forfattarsentrum.

Skulen og skulebiblioteka

Skulen er ein viktig arena for litteraturformidling. Fylkesbiblioteket har difor kvart år tilbod om forfattarturnear til skulane i fylket. Kvaliteten på dette tilbodet er sikra gjennom samarbeid med Norsk forfattarsentrum, og skulane gir gode tilbakemeldingar. Når det gjeld oppfølging av skulebiblioteket er det lovfesta at det er kommunen sitt ansvar å sørge for eit samarbeid mellom folkebiblioteket og skulen.

Skulebiblioteka i fylket er med få heiderlege unntak dårleg utbygd. Når det gjeld bibliotekarbemanning av skulebiblioteka ligg vi på jumboplass blant alle fylka. Når vi i tillegg veit at mykje av samlingane er utrangerte og utslitne er det mykje å gripe fatt i. Skulebiblioteket bør vere eit senter for den lokale kunnskapsutviklinga på skulen. Biblioteket kan såleis verte ein aktiv støtte for læraren sitt pedagogiske arbeid.

Mange stadar er skulebiblioteket det einaste bibliotektilbodet til barn og unge. Det er ottefullt at deira møte med biblioteket og litteraturen skal vere så mykje dårlegare enn det barna som bur på større plassar med moderne bibliotek har tilgang til.

Dei vidaregåande skulane

På desse skulane er lesestimulering også eit viktig tema. Sjølv om ungane er ferdig med grunnskulen er lesedugleiken framleis dårleg for mange. Å lære seg å bli glad i å lese er framleis viktig. Heldigvis har mange vidaregåande skular bibliotekarar som er oppteken av å styrke leselysta og informasjonskompetansen hos elevane. Fylkesbiblioteket samarbeidar med skulebiblioteka i desse skulane, arrangerar kurs for dei og deltek på samlingar.

Gi rom for lesing/Fylkesmannen

"Gi rom for lesing" er ein tiltaksplan som går over 5 år, frå 2003 til 2007. Dette er eit landsomfattande tiltak som er eit satsingsområde for regjeringa. Prosjektet har som mål å stimulere til auka leselyst og styrke lesedugleik. Regjeringa satsar stort på lesing bl.a. på grunn av fleire OECD-undersøkingar dei siste åra, dei såkalla PISA-undersøkingane, som synar at norske

barn er dårlegare lesarar enn barn i dei fleste andre vestlege land. Spesielt er det gutane som gjer det dårleg i desse undersøkingane. Dårlig lesedugleik vil seie at norske barn og ungdom vil klare seg dårlegare også i andre fag på skulen.

Fylkesmannen ved Utdanningsavdelinga rår over tildelta midlar og fordeler dei regionalt. I dag føregår ei satsing på Gi rom for lesing-prosjekt på heile 50 skular i fylket. Dette er så langt ikkje koordinert med DKS eller fylkesbiblioteket. I mange andre fylke er fylkeskommunen ein sterk samarbeidspartnar og midlar har vore nytta til forfattarbesøk, skrivekurs, utvikling av nettsider for barn m.m.

No er det tid for at ein får til eit samarbeid mellom Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, fylkeskommunen ved DKS og fylkesbiblioteket. Ein må sjå litteraturformidlingsarbeidet under eitt slik at ein får maksimalt ut av ressursane ein rår over. Det er også viktig at ein samlar dei gode kreftene for å få til det ein ønskjer. Ein må legge vekt på at det gode arbeidet for lesedugleik vert vidareført også etter 2007.

Folkebiblioteket/kommunen

Folkebiblioteka er i tillegg til skulane den arenaen der barn og unge vil møte litteraturformidling, dvs at dei får høve til å skaffe seg bøker og får hjelp og råd når dei skal velje seg ein bok. Fylkesbiblioteket støttar folkebiblioteka i litteraturformidlingsarbeidet ved å tilby folkebiblioteka rettleiing, kurs i litteraturformidling og bokkunnskap. Fjernlån er også ein viktig del av hjelpen biblioteka får. Fylkesbiblioteket og folkebiblioteka samarbeidar for å nå måla om å sikre at alle innbyggjarane i fylket har tilgang til gode bibliotektenester og medverke til auka leselyst og lesedugleik, spesielt hos barn og unge. Hovudtyngda av dette er samarbeid om mobil bibliotekteneste. Vidare har fylkesbiblioteket altså kurs for bibliotektilsette for kompetanseheving i litteraturformidling.

I kvar kommune er det eit Kulturforum som skal utarbeide ein plan for bruken av midlane i den lokale DKS-potten. Litteraturformidling som t. d. forfattarturnear kan kommunane velje å betale for med midlar frå denne av denne potten.

Kulturskulane

Litteraturformidling i form av skriveverkstader vil truleg verte sett i gang etterkvart i kulturskulane. Det vil då sannsynleg verte eit tiltak som kulturskulane og folkebiblioteka vil stå saman om å gjennomføre.

Folkeakademiet

Folkeakademiet er ein frivillig organisasjon som har til mål at barn og unge skal få oppleve levande kunst- og kulturutøvarar. Fylkesbiblioteket har i ei rekke år hatt eit godt samarbeid med Folkeakademiet i fylket. Kulturprogrammet på båten har kvart år fått eit tilskot. I tillegg har det vore eit nært samarbeid om forfattarturnear til skulane.

Norsk forfattersentrum

Norsk forfattersentrum er eit serviceorgan for litteraturinteresserte og formidlingsteneste for skjønnlitterære forfattarar. Dei arrangerer blant anna forfattarturnear til skular, og samarbeidar med skuleverket, bibliotekvesenet, bokbransjen og næringsliv. Ein dobbeltime i klasserom kostar kr 1800,-. Fylkeskommunen vert sponsa med kr. 450,- pr dag når vi arrangerar turneen.

Analyse

For å finne moglege strategiar vert fylkesbiblioteket si hovudsatsing innafor litteraturformidling; mobil bibliotekteneste analysert. Vi ønskjer å finne styrke og veikskap med dagens tilbod, og sjå på moglegheiter for framtida. Som analysemetode er det vald ein SWOT-analyse (Strenght-Weakness- Opportunities-Threats). Vi vil også sjå på økonomi og nytte. Kva får ein igjen for investeringane? For å finne utfordringane framover vil vi prøve å sjå inn i framtida. Vi vil basere oss på utviklingstrendar i samfunnet og vurderingar på bakgrunn av innspel og uvisse som ligg i lufta i 2005.

På bakgrunn av analysane kan vi så peike på fylkeskommunen sine strategival for litteraturformidlinga framover.

Analyse av mobil bibliotekteneste

Bokbåten

Internt	Ekstern
Styrke <ul style="list-style-type: none">• Heilskapleg kulturtilbod for alle aldersgrupper• Møter folk der dei bur• Ledig kapasitet.• Bibliotekfagleg kvalitetssikring• Tradisjonsrik og unik• Relativt god plass til kulturarrangement• Godt besøk av barn og vaksne• Barna har eigen klubb• Vestlandsamarbeid• Profilerings av fylkeskommunen• Oppfyller fylkesbiblioteket sitt mål om litteraturformidling• Ikkje avhengig av store kaiar• Plass til 6000 bøker	Moglegheiter <ul style="list-style-type: none">• Nærare samarbeid med DKS og utdanningsavdelinga hos fylkesmannen• Nærare samarbeid med andre fylkeskommunar• Utvikle bokbåtklubben med eigne sider på nettet• Utvikle samarbeidet med skulane og skulebiblioteka• Betre resursutnytting (Fleire stoppestadar)• Supplement til skulebiblioteket
Veikskap <ul style="list-style-type: none">• Når ikkje alle kommunane / må ha kai• Når ikkje alle skulane og elevane• Høge leigeutgifter• Kapasiteten ikkje utnytta• Kommunal eigenandel	Truslar <ul style="list-style-type: none">• Kommuneøkonomi• Politikarane ser ikkje nytten• Nye busettingsmønster

Kostnadsanalyse for bokbåten

For å sjå på nytta av mobil bibliotekteneste si litteraturformidling, må vi sjå på kva utgifter både

kommunane og fylkeskommunen har og kva samfunnet får igjen for pengane.
 Fylkeskommunen sine netto utgifter: kr. 755 000,-
 Kommunane betalar: 165 000,-
 Div. tilskot: 50 000,-

Kulturprogrammet

I 2004 var det til saman 1942 personar på kulturprogrammet, 1375 var barn.
 Til saman har fylkeskommunen inntekter på ca. kr. 80 000,- i året for kulturprogrammet frå kommunane. Med tillegg av andre inntekter går sjølve kulturprogrammet i balanse. Og det er difor lønsamt for både fylkeskommunen og kommunane å ha dette med på bokbåten. Samfunnsnyttan vil auke med auka nytting; nye stoppestadar.

Utlån av bøker

I 2004 var det lånt ut 19 733 bøker

Kostnad pr. utlån:

For kommunen: 85 000 (betaling for program ikkje med) : 19 733 = kr 4,30 pr. utlån

For fylkeskommunen: 755 000 : 19 733 = kr. 38,30 pr utlån

Til samanlikning viser statistikktalet at eit utlån ved eit folkebibliotek målt opp mot det totale driftsbudsjettet kostar, inkl. husleige om lag: kr 56,- pr utlån. Sjølv sagt kan ikkje bokbåten som møteplass målast opp mot eit stort folkebibliotek, men det er liten tvil om at det totale kulturtilbodet som bokbåten tilbyr, kan forsvarast utifrå økonomiske og samfunnsnyttig perspektiv.

Bokbussen

Internt

Styrke

- Fylkeskommunen eiger bokbussen/ låge driftsutgifter
- Bussen er framleis ny og moderne med potensiale for nye bruksområder
- Profileringsavdelinga av fylkeskommunen
- Bibliotekfagleg kvalitetssikring
- Møter lånarane der dei bur
- Mykje ledig kapasitet
- Oppfyller fylkesbiblioteket sitt mål om litteraturformidling
- Godt besøk av barn

Veikskap

- Tidsavgrensa/ stoppetid
- Plassavgrensa
- Avhengig av kommunal eigenandel
- For dårleg kommunikasjon mellom fylkesbiblioteket og lånarane
- For dårleg utnytting til lesestimulering og litteraturformidling

Eksternt

Moglegheiter

- Samarbeid med DKS og utdanningsavdelinga hos fylkesmannen
- Gjere bokbussen meir spennande; ha med bokpratarar, forfattarar, intimteater
- Tilbod til utkantskulane som ikkje har tilgang til bibliotek i nærleiken
- Alle kommunane kan bruke bokbussen
- Folkebiblioteket kan få eit betre samarbeid med skulane
- Supplement til skulebiblioteka
- Fleksibel/ Nye stopp

Truslar

- Kommuneøkonomi
- Lite motivasjon hos samarbeidspartnarane om bibliotek og skular
- Politikarane ser ikkje nytten
- Nye busettingsmønster

Kostnadsanalyse for bokbussen

Fylkeskommunen sine netto utgifter: kr. 100 000,-

Kommunane sine utgifter/refusjon til fylkeskommunen: kr. 230 000,-

Utlån av bøker på bussen: I 2004 blei det til saman lånt ut 13 925 bøker

Kostnad pr utlån for kommunen: $230\ 000 : 13925 = \text{kr. } 16,50$ (i tillegg kjem annonsar + evt. løn til bibliotekar)

Kostnad pr utlån for fylkeskommunen: $100\ 000 : 13925 = \text{kr. } 7,20$

Utgiftene for utlån frå folkebiblioteka er om lag kr. 56,- pr. utlån. Dei samla utgiftene for utlån frå bokbussen er under halvparten av dette pr utlån, og er såleis eit svært rimeleg alternativ til stasjonær drift. Kan vi i tillegg finne nye tilbod knytt til bussen vil samfunnsnytta stige enno meir.

Framtida

Vi må kunne sjå og forstå endringane i samfunnet for å kunne utvikle oss og ikkje stivne i gamle førestillingar. Når vi skal sjå på strategiar for litteraturformidlinga er det difor viktig å ha eit medvite forhold til samfunnstilhøva og framtida.

Vegen framover

Sogn og Fjordane sin situasjon i 2005 er ikkje eintydig. Det er snarare prega av motsetningar og spenningar. Avfolking av bygdene, dårlege kår for landbruket, nedlegging av grendeskular og nedgang i folketalet er mørke teikn i tida. Samstundes ser ein spirer til nytenking og framsteg. Særleg viser unge vilje til å satse på bygda og ser kvalitetar i fylket.

Når vi ser på overordna styringssystem, står vi no overfor store endringar. Løpet er enno ikkje lagt. Neste stortingsperiode vil sikkert ha dette høgt på agendaen.

Kulturen og litteraturformidlinga skal operere i desse nye vilkåra, og strategiane våre må leggjast for å kunne leve under desse vilkåra. Vi vil difor sjå vidare på kulturen og litteraturen sine moglege vilkår i framtida. Først vil vi sjå på moglege strukturelle endringar og deretter utviklingstrendar når det gjeld lesaren og litteraturen.

Det er tre modellar for forvaltningsnivåa som har vore vurdert dei seinare åra; einskapsfylke, tonivå-modellen og storregionar. No ser det ut til at det er det siste alternativet som er mest realistisk og vi skal sjå nærare på dette

Det nye storfylket

I denne modellen får vi eit nytt stort vestlandsfylke, her kan fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Møre og Romsdal og Rogaland slå seg saman. I botnen av regionstanken ligg eit ønske om flytting av sentral makt til Vestlandet. Skal denne modellen ikkje føre til ny sterk sentralisering mot dei stor byane som Bergen og Stavanger, må ein del av storfylket sine oppgåver også leggjast til Sogn og Fjordane. Fordelinga av oppgåver vil venteleg skje etter forhandlingar. Dei fylkeskommunale oppgåvene vert vitalisert og ein kan hente stordriftsfordelar.

Kulturen

Det vil venteleg verte sterke tautrekkingar om kor dei kulturelle knutepunkta skal liggje i det store Vestlandsfylket. Eit tyngdepunkt kan verte lagt til Sunnfjord som får ei sentral rolle i t.d. *Kultur- og næringsutvikling Vest*. Fylkesbiblioteka i dei fire fylka kan verte slått saman og vitaliserte til eit Senter for litteratur- og kulturformidling. Mange har tatt til orde for ein ny kulturbåt. Det vil då vere naturleg å ha litteraturformidling som eit av tilboda. Samarbeidet mellom DKS og folkebiblioteka kan verte intensivert med opplæring av bokpratarar, skriveskular (gjerne i samarbeid med kulturskulane) og utvikling av interaktive tilbod på nettet. I dette arbeidet kan ein hente samarbeidsgevinstar med Rogaland som ligg langt framme med satsing på litteratur.

Lesaren og litteraturen

Intensivert bruk av internett har gjort folk meir sjølvhjelpne og sjølvstendige. Ein ser ein sterkare individualisering og mindre tru på autoritetar. På vegen framover ser vi at folk sine lesevanar er i endring. Folk kjøper færre aviser og bruker meir nettaviser. Lydbøker vert eit supplement til vanlege bøker og mange føretrekkjer desse framfor den trykte boka. Folk les mindre skjønnlitteratur og er meir opptatt av matnyttige emne. God økonomi og meir fritid gjer at folk vert meir opptekne av "meininga med livet" og er interessert i filosofi, religion, og livsstil. E-boka ble ikkje den suksessen som forventa, men no planlegg bokhandlarane å tilby lydbøker på MP3. Nye format står på trappane. I den nye bokavtalen vil Bokklubbene misse einerett til rabattordningane. Kulturfondbøker vert utvida til å gjelde faglitteratur, som vil verte ein stor fordel for utvalet i folkebiblioteka.

Det moderne biblioteket vil leggje vekt på å kommunisere med lesarane via nettet og får stadig betre web-løysingar. Dei fysiske bøkene vert færre og cd'ar og MP3 overtar. Som ein motvekt mot det teknologiske vil folk søke det sosiale. Biblioteka vert difor viktige sosiale møteplassar. Auka bruk av media som trenger mindre fysisk plass vil frigjere areal og folkebiblioteka kan verte tenlege arenaer for kulturformidling. Bibliotekarane vert meir pedagogar og rettleiarar i nettbruk og informasjonskompetanse. I dei nye lærarplanane vil leseglede stå i fokus. Difor vil norskundervisninga verte modernisert. Nå vil elevane kunne få lese verk av forfatarar som Ingvar Ambjørnsen og Erlend Loe i staden for dei gamle som Henrik Ibsen og Alexander Kielland.

Utfordringar framover

Litteraturformidling er eit satsingsområde for fylkeskommunen. Fylkeskommunen er tungt inne i dette arbeidet med fleire tiltak i regi av fylkesbiblioteket og Den kulturelle skulesekken. I høve sistnemde tiltak er lesestimulering/litteraturformidling t.d. knytt opp mot utvalde teaterstykker som har sitt utgangspunkt i bøker eller ein forfattar. Fylkesmannen si utdanningsavdeling har ei viktig oppgåve i å halde styring med sentrale satsingar, og i tillegg er det altså fleire aktørar på banen som Norsk forfattersentrum og Folkeakademiet. For å sjå tilboda meir heilskapleg er tida inne for å danne nye partnerskap og nettverk.

Analysedelen syner at fylkesbiblioteket har store utfordringar framover, men det er også store moglegheiter.

Når det gjeld mobil bibliotekteneste syner analysen at både bussen og båten er god profilering av fylkeskommunen som møter folk der dei bur. Samfunnsnyttan med bruk av mobil bibliotekteneste er stor når vi ser på kostnader opp mot utlån av bøker. Når det gjeld

litteratutformidlinga er det mykje uutnytta potensiale. Det vil også gi gevinstar å samarbeide meir med andre aktørar.

Fylkeskommunen står venteleg framfor store strukturelle endringar. Dette vil kunne gje fylkeskommunen og fylkesbiblioteket andre ståstader og roller der litteratutformidlinga må finne sin plass.

Det er fleire trendar i tida som endrar lesaren sine vanar. Til dømes er lydbøkene svært populære. Internett, i tillegg til mobiltelefonen, er no den nye store nye kommunikasjonsforma, e-post har overteke brev og no ser vi at bruken av *Instant messaging* aukar. I dei teknologiske endringane er barn og unge lengst framme. Dette skjer samtidig som vi veit at lesing og skriving er viktig for sosial dugleik.

Når vi skal leggje strategiar framover må vi difor kome desse utfordringane i møte:

- **Trong for samordning av fylket sine litteratuttilbod**
- **Utvikle og endre litteratuttilboda i takt med samfunnsendringane**
- **Tilpasse litteratutformidlinga til nye media for å kome barn og unge i møte på deira premissar**

Strategiar

På bakgrunn av dei utfordringane vi står framfor har utvalet samla seg om desse framtidsstrategiane:

1. Opprette eit fylkesforum for leselyst

Litteratutformidlingsarbeidet krev samarbeid og samordning. Dette arbeidet kan koordinerast av eit utval eller forum. Dette skal vere eit forum med både høg kompetanse og interesse for formidling. I dette forumet bør sitje fylkeskommunen ved DKS og fylkesbiblioteket, Fylkesmannen ved Utdanningsavdelinga og representantar frå kommunane t.d. lærar og bibliotekar. I tillegg kan forumet verte styrka med medlem etter behov som t.d. ein forfattar. Det er mogleg at det mest tenlege, for å unngå å lage for mange ulike grupper, er at delar av den alt etablerte idègruppa for DKS inngår som ein del av dette fagforumet. Styringsgruppa i DKS, der både Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Høgskulen er representert, er gjerne rette instans til å ta stilling til dette.

2. Utvikle mobil bibliotekteneste

Fylkesbiblioteket sine mobile bibliotektenester er eit godt verkty for å utøve litteratutformidling, men tida er inne for å forbetre og utvikle potensiale vidare.



a. Intensivere kulturtilbodet på bokbåten

Analysen syner at bokbåten er eit unikt tilbod og eit godt verkty for lesestimulering. Båten har ledig kapasitet og det er mogleg å leggje inn fleire stoppestadar og kulturprogram. Det er ønskjeleg med eit nærare samarbeid med Den kulturelle skulesekken

b. Lesebuss for barn og unge

Analysen syner at bokbussen har stort potensiale for å bli meir framtidsretta. Det er mykje ledig kapasitet. Fylkeskommunen eig bussen og den er eit rimeleg og fleksibelt tiltak. Fylkesbiblioteket kan leggje om rutene i samarbeid med folkebiblioteka og meir tilpasse seg skulane sitt behov. Dette kan og verte eit samarbeid med utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen og Den kulturelle skulesekken om lesestimulering. Til dømes kan ein ha bokpratarar, forfattarar og andre kulturprogram med. Bussen kan ha tematurar som er tilpassa undervisninga.

3. Stimulere til betre skulebibliotek

Utvalet er einige om at skulebiblioteka i fylket treng vitalisering. Fylkesbiblioteket har ikkje direkte ansvar for utviklinga her, men vi har eit ansvar for å peike på barna sitt behov for lesestimulering. Ved å intensivere samarbeidet mellom fylkesbiblioteket og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen kan vi stimulere til modernisering av skulebiblioteka. Då tenkjer vi både på den fysiske utforminga, drifta og aktiviteten som føregår der. I tillegg bør vi no sjå skulebiblioteka som knutepunkt i den teknologiske infrastrukturen i fylket. Dette arbeidet kan sjåast i samband med *Kultur og IT prosjektet* i regi av fylkesarkivet og fylkesbiblioteket.

4. Litteraturleir for ungdom

Lese- og skriveglede høyrer saman. Vi kan nytte Bokbyen i Fjærland som ein flott arena for ein leir for litteraturinteressert ungdom. Her kan vi få til både lesekapleik og skrivekurs med rettleiing av forfattarar. Dette kan vere eit samarbeidstiltak mellom kulturavdelinga i fylkeskommunen og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen.

5. Interaktive nettsider for barn og unge

Internett er blitt den store felles kommunikasjonsforma, og barn og unge er ofte flinkast til å nytte dette mediet. Vi kan gjere litteraturformidlinga enda betre kjent og interessant via heimesider på nettet. Det kan vere interaktive sider med eigne stader for t.d. medlemmar i bokbåtklubben. Ein kan ha prosjekt på desse sidene som femner om alt frå teikneseriekonkurransar, bokomtalar og lesetips, til spel og film (bøker som er blitt film). I det heile eit spanande opplegg med interaktive sider som har som overordna mål å stimulere barn og unge til å lese meir. Dette arbeidet kan om mogleg implementerast i prosjektet *Kultur og IT*.

6. Presentasjon av lokale forfattarar

Fylket har god tradisjon i å fostre gode forfattarar, og ikkje minst i dei seinare åra har vi fått fleire unge, landskjente forfattarar. I samband med arbeidet med det nye Kulturnettlet for Sogn og Fjordane bør fylkesbiblioteket ha ansvar for å bygge opp ein database for forfattarar som har tilknytning til fylket. Her kan vi få til koplingar mellom forfattar, litteratur og biblioteka.

Sluttord

Arbeidsutvalet for denne utgreiinga opplever at det har vore svært nyttig å bli utfordra til å gjennomgå dagens satsing på lesestimulering og litteraturformidling. I tittelen ligg det at vi ønskjer å bidra til ei heilskapleg tenking som er framtidsretta, og difor har det også vore naturleg å leggje inn som premiss styrking av samarbeidet med ein sentral aktør som Fylkesmannen si utdanningsavdeling.

Tiltak innan kurs og kompetanseheving for lærarar er ikkje nemnt særskilt i denne utgreiinga, men arbeidsutvalet ser det som naturleg at dette også blir ein del av det framtidige samarbeidet ein ser føre seg. Fylkeskommunen og fylkesmannen har etablert eit årleg DKS-kurs i Loen for lærarar og kulturskuletilsette (vidareføring av Positivt skulemiljø), og dette er m.a. ein arena der det vil vere naturleg å vurdere sterkare satsing innan fagfelte lesestimulering og litteraturformidling.

Eit par framtidsbilete...



Ein dag på "skulebiblioteket" i 2007

I sofaen sit elevane og blar i teikneseriar dei har lånt på bok- og kulturbåten. Ved ein pc sit to gutar i lag med ein lærar og leitar etter lydbøker. Læraren har eit eige passord han har fått frå folkebiblioteket som gjer at han kan kjapt laste ned den lydboka som kvar elev har valt seg. Lydboka får eleven med seg på MP3-spelaren sin. Folkebiblioteket betaler ein avgift til bokhandelen for kvar lydbok som dei laster ned. Skulebiblioteket har fleire bærbar pc'ar som dei lånar ut, og heile skulen har trådløst nettverk.

Ein dag i "Kulturhuset" i 2010

I dag er det ein stor ungdomskonferanse i Florø for 14. åringar arrangert av Kulturformidlinga Vest. Alle som deltek plukka ut etter ein skrivekonkurranse på nettet arrangert av fylkeskommunen. Det er fleire parallelle seminar. Mange vel å høyre på den unge Stuntpoeten frå Stavanger, andre samlar seg i skrivestova der dei får rettleiing av to etablerte forfattarar. Andre vel å gå i biblioteket og lytte til musikk og bøker. Andre igjen lærer seg formidlingsteknikkar som dei skal framføre i eit multimedia-show i klassen når dei kjem tilbake. Ute ved kaia ligg den nye flotte kultur- og bokbåten som Vestlandsrådet vedtok å få bygget i 2009 som det første store kulturiltaket. Båten har med seg skodespelarar som har premiere på eit nytt norsk skodespel. I dag har dei opplæring i teatersport for ein gruppe med ungdom frå konferansen. Ein forfattar er også med og samlar fleire av ungdomane i Flora bibliotek. Sidan skal han vere med i Bokbadet på bok- og kulturbåten.